

Postpakke-kutt vedkjem ikkje oss

05.06.2009

Kvinnheringen hadde fredag eit oppslag om at butikkane på Valen, Herøysundet og Mauranger frå 1. juli vil mista tilbodet om utlevering av postpakkar. Pakkane må heretter hentast på Husnes eller i Rosendal. Men SPAR strekar under at dette ikkje vedkjem Uskedalen.

Her er det nemlig ein ordning med post i butikk, noko som ikkje har vore tilfelle på Valen, i Herøysundet og Mauranger.

Der har dei hatt ei spesiell avtale om utlevering av berre postpakkar, ein såkalla postdepot-avtale.